



Tysnes kommune

Områdeplan for Våge sentrum Konsekvensutgreiing

Datert 31. januar 2014
Rev. 01. februar 2016
Rev. 07. oktober 2016
Rev. 02. august 2017



Stor nok til å levere – liten nok til å bry seg

 **omega** areal

Innhald

1 Samandrag	- 3 -
2 Skildring av metode	- 3 -
3 Analyse	- 5 -
3.1 Trafikk og parkering	- 5 -
3.2 Tiltak i sjø	- 7 -
3.3 Tilgjenge	- 9 -
3.4 Oppvekst- og bustadmiljø	- 10 -
3.5 Funksjonell strandsone	- 10 -
3.6 Landskap	- 11 -
3.7 Kulturminne og kulturmiljø	- 12 -
3.8 Omsyn til nyare tids kulturminne	- 12 -
3.9 Helse	- 13 -
3.10 Lokalklima og soltilhøve	- 14 -
3.11 Støy	- 15 -
3.13 Energi og bærekraftig utvikling	- 15 -
3.14 Beredskap og ulukkesrisiko	- 16 -
3.15 Tap av dyrka mark	- 17 -
3.16 Utbygging i Sjevågen	- 18 -
4 Verknader og konsekvensar for deltema	- 20 -
5 Samla vurdering	- 24 -
6 Tilråding	- 27 -

1 Samandrag

Omega Areal AS er engasjert av Tysnes kommune til i samarbeid med kommunen å utarbeide framlegg til områdeplan for Våge sentrum, med tilhøyrande planprogram og konsekvensutgreiing. Våge sentrum er samansett med både bustader og forretningar mm, og kommunen ønskjer med denne planen å kunne styre den vidare utviklinga av handelsstaden.

Forskrift for konsekvensutgreiing gjeld mellom anna for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn. I medhald av ny forskrift for konsekvensutgreiingar, vart det stilt krav om at verknadane av planforslaget skal skildrast og vurderast.

Konsekvensutgreiinga er skildra og vurdert i høve til bl.a. tema som er lista opp i planprogrammet. Det vert gjort ei vurdering av verdi knytt til dei ulike tema, samt avveging av verknader og konsekvensar av desse. Konsekvensutgreiinga vert konkludert med ei samla vurdering og tilråding.

2 Skildring av metode

Dei ulike tema skal så langt råd er greiast ut med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. Basert på vedteke planprogram er konsekvensar for ulike tema analysert og vurdert. Det skal trekkjast fram positive og negative element for dei ulike tema, og konsekvensen av tiltaket skal analyserast ut i frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktigheit og omfang.

For kvart tema skal det vurderast moglege avbøtande tiltak eller retningsliner/ føringar for å redusere dei negative konsekvensane. Det skal gjerast greie for i kva grad dei ulike tiltaka sikrar måloppnåing i høve til nasjonale og andre overordna målsetjingar, og korleis dei innfrir planen sine målsetjingar. Med grunnlag i dei utgreiingane som er gjennomført, skal det koma ei grunna tilråding av tiltak.

Verdisetting, verknader og samla konsekvens knytt til naturmangfald og naturressursar er gjengitt med utdrag frå utarbeidd konsekvensutgreiing utført av Rådgivende Biologer AS i rapport 2118. Som del rapport 2188 er det utført synfaringar på land og i sjø, samt utført sedimentanalysar. Viser til rapport 2118 i sin heilskap vedlagt.

Det er nytta metode for verdi og konsekvensutgreiing som er bygd på framgangsmetode utarbeidd av Statens vegvesen, i handbok V712 versjon 1.1, 2014.

Konsekvens vert angitt etter følgjande tabell

Meget stor negativ	Stor negativ	Middels negativ	Liten negativ	Ubetydeleg	Liten positiv	Middels positiv	Stor positiv	Meget stor positiv
-4	-3	-2	-	0	+	2+	3+	4+

Planprogrammet til områdeplanen ramsar opp følgjande tema som skal inngå som del av konsekvensutgreiinga til planen:

- Trafikk, kollektivtrafikk og parkering
- Tilgjenge til friområde og andre grøntområde. Turstiar
- Oppvekst- og bustadmiljø. Barn og unge.
- Strandsona
- Landskap
- Biologisk mangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Helse
- Lokalklima og soltilhøve
- Støy
- Jordbotn, vatn og luft
- Energi og bærekraftig utvikling
- Beredskap og ulukkesrisiko
- Samfunn og infrastruktur

3 Analyse

3.1 Trafikk og parkering

Det er gjort fleire grep som følgje av planlagte tiltak i høve til dagens trafikk- og parkeringssituasjon.

1. Parkering i Våge sentrum er utvida med plass for langsgående parkering på fv. 49, med utforming som miljøgate som oppfordrar til større aktsemd og lågare fart.
2. Det er utarbeidd ventefil sør for rundkøyringa på fv.49 i samband med at ferjekøen vert ståande med kø ved utfartshelger og større hendingar, som til dømes ved Tysnesfest.
3. Vegen til Vågsneset har fått utbeta avkøyring tilknytt rundkøyringa, og er noko utvida. Dette gir ein betre og tryggare trafikksituasjon, og ein veg som er dimensjonert for forventa mengd.
4. Kollektivtilhøva er utbeta med busslommer på strekninga Våge – Uggdal, som tidlegare var eit potensielt farleg busstopp i eit kryss. Elles er det skilta busstopp, samt busslomme ved ferjekai.
5. Område for planlagt offentleg parkering i Svevågen er etablert slik at planlagt torg kan nyttast av personar som skal besøke torget. Svevågen ligg svært sentralt til, og ved å leggje opp til betre tilgjenge mot torgområdet vil truleg færre velje å køyre.

Gang- og sykkelvegane langs fv. 49 er utbeta og forlenga med tilhøyrande meir oversiktlege overgangsfelt. Det er planlagt egne felt for mjuke trafikantar som gjennomgåande følgjer desse strekningane:

Ferjekai – Triangel – Tosidig busshaldeplass mot Uggdal

Ferjekai – Møbelforretning – barneskule/ ungdomsskule/ fleirbrukshall

Samtidig er det lagt opp til ei opprydding av utflytande asfaltflater ved Møbelforretningen, Rimi og bensinstasjonen. Gate- og gangvegsstrukturen har vorte forbeta og oppfordrar til aktsemd og låg fart for køyrande, der mjuke trafikantar er i fokus. I tillegg oppfordrar infrastrukturen til trafikksikker bruk og tilgjenge for alle trafikantar.



Foto øvst: Foto frå sør ved badestrand, forbi sjøhusrekkja og mot Mandelhuset.

Foto nedst: Foto frå nord ved ferjekai, forbi Mandelhuset og mot badestrand.

Kjelde: Omega Areal as

Fv. 49 søraust for rundkøyringa har ÅDT på 1900 (2014) og 8% andel tunge køyretøy. Den vestlege delen før rundkøyringa har ein ÅDT på 1850, og strekninga mellom rundkøyringa og ferjekaien har ein ÅDT på 700 – 1900 ÅDT (strekninga er delt i 3, med teljingar frå 1900, 1600 og til 700 ytst på kaien. Alle gjeld for år 2014). Det er slikt sett relativt låg ÅDT på strekningane.

Ved å leggje inn byggjegranser mot veg vil ein sikre seg at ei utviding av fylkesvegane er mogeleg i framtida. Der denne grensa er sett nærare enn vegvesenet sine krav, er dette gjort etter ei nærare vurdering av eksisterande og ynskja framtidig utbygging i Våge. Det er bl.a. ynskjeleg å oppretthalde dagens gatestruktur, samt leggje føringar for at denne vert forsterka i framtida.

Reguleringsplanen legg opp til ei miljøgate gjennom sentrum. Ombygging av fylkesvegen til miljøgate tar sikte på å betre miljøet ved å redusera potensiale for ulukker, utryggleik og miljøulempar som trafikken medfører. Dette kan ein oppnå ved hjelp av fartsdempande tiltak og miljøtiltak som beplantning, utsmykking med kantstein og andre estetiske tiltak som har ein visuell innsnevring av vegane. Ei miljøgate med eit romsleg fortau er også med på å binde saman indre og ytre delen av sentrum, og truleg gjera at sannsynet for at bilen vert ståande til fordel for å gå vert større.

Det kan med planframlegget etablerast ladestasjon for elbil i sentrum, og føresegnene opnar mellom anna opp for mogeleg framtidig undergong for mjuke trafikantar mellom ulike forretningsområde.

Planområdet har god tilgang til infrastruktur, med korte avstandar til butikkar, skule og barnehage. Ved å tilretteleggja for sentrumsnære bustadfelt kan ein negativ fråflyttingstendens snus, og ein kan oppretthalde meir aktivitet også på vinterstid. Planområdet ligg i eit område med gode tilhøve for aktivt friluftsliv i skog og mark, og med potensiale for positiv helsegevinst. Det er tilgang til sjø og til større utmarksområde i nærmiljøet.

Med universell tilgjenge og eige felt for mjuke trafikantar, samt nye bussfelt langs dei viktigaste ferdselsvegane i Våge, vil tettstaden verta meir tilgjengelig og trafikksikker som skuleveg og veg til fritidsaktivitetar etter skule for born og unge.

Verdivurdering

Planlagte tiltak har stor verdi knytt til både tilgjenge og trafiktryggleik i Våge sentrum.

- Deltema trafikk og parkering er vurdert til stor verdi på bakgrunn av dei positive samfunnsverdiene som følgje av planlagte tiltak knytt til infrastruktur.

3.2 Tiltak i sjø

Trafikktettleiken inn til Våge og Vågsvika er moderat i høve til antal innbyggjarar. Det er særleg på sommarhalvåret båttrafikken tek seg opp. Frå Våge går skipsleia Våge – Halhjem, normalt gjennom heile dagen.



Eksisterande ferjekai og småbåthamn i nord.

Kjelde: www.norgeibilder.no

Kommunen ser behovet for eit større hamneområde med flytebyggjer og ev. fleire flytande bygningar ved ferjekaien. Fram til no har kommunen operert med å leggje ut slike flytebyggjer i mindre skala. Flytebyggjene vil vere eit viktig grep for å auke turismen til staden, då det er knapt om parkeringsplassar og overnattingstilbod på land. Eit grep som dette vil difor vere eit meir realistisk mål sett i høve til tidsperspektiv og ressursar. Særleg sommartid vert det snarleg fullt slik situasjonen er i dag.

Våge ligg utsett til for nord- og austavind, og ligg relativt ope i Bjørnafjorden. Flytebyggjene vil difor vere utsett for vind i tillegg til isgang og stormflo. Då planforslaget legg opp til eit større anlegg flytebyggjer og ev. flytande bygningar, kan det etablerast molo nord for desse som beskyttelse for vind og havstraumar, om dette syner seg naudsynt.

Flytebyggjer er midlertidige konstruksjonar som kan fjernast utan å føre til unødig fare eller ulempe for omgjevnader. Småbåthamner fører med seg ureining i form av utslepp/ lekkasje av olje og drivstoff, men i svært avgrensa omfang.

Ei storskala småbåthamn kan føre til mykje ureining, særskilt ved lokalisering inst i fjordar og ved stille/ beskytta hamner.



Ortofoto over Svevågen. Kjelde: www.norgeibilder.no

Småbåthamna i Svevågen ligg på grunn av Vågsneset skjerma frå Bjørnafjorden. I Svevågen er det rolig sjø og relativt flatt, noko som har lagt grunnlaget til at mudderbotn har oppstått. I område for etablering av småbåthamn og utleiehytter er det eit flatare parti, som inst i Svevågen. Det kan i området vere behov for mudring og fylling for etablering av ein varig kai med utriggarar/ flytebyggjer.

Per i dag er det allerede etablert ein mindre kai med hytter. Det er planlagt ei utviding ca. 65 meter lenger aust. Her er det eit brattare terreng og lauvtré. Utleiehyttene vil liggje inn mot fjellveggen i bakkant, og på den måten bli mindre dominerande.

Grunna funn av kulturminne vest for eksisterande hytter, vil det ikkje vere høve til å regulere tilkomst mot eksisterande flytebrygger ytst på Kuholmen, og tilkomst frå fv. 49 mot hytteområdet må flyttast. Flytebryggjer i sjø skal forankrast i område for utleiehytter.

Som del av konsekvensutgreiinga utarbeidd av Rådgivende Biologer AS, er det føreteke sedimentundersøkingar, samt gjort vurderingar av naturmangfald og naturressursar knytt til dei planlagte utfyllingane i sjø.

I samband med dette arbeidet er det gjort funn av fleire raudlisteartar i Vågsvika og Svevågen, det er avdekka eit større areal med ålegras og blautbotn i Svevågen, og det er føreteke sedimentundersøkingar som syner ein viss risiko for spreing av miljøgifter ved ferjekaien, og fare for spreing av finkorna sediment i Svevågen. Dette er alle høve som rapporten tek stilling til, og har vurdert avbøytande tiltak mot.

Verdivurdering

Det er positive samfunns- og utviklingsverdiar i ei slik tilrettelegging for opphald og turisme som planframlegget legg til rette for.

- Deltema tiltak i sjø er vurdert til stor verdi på bakgrunn av dei positive samfunnsverdiene som følgje av planlagte tiltak knytt til utviding av hamner for tilrettelegging av opphald og turisme.

Sjølv om det er klart positive samfunnsverdiar knytt til planlagte tiltak, viser rapport 2118 til verdiar knytt til naturmangfald som ikkje kan neglisjerast. Følgjande utdrag er henta frå rapporten, og må sjåast i samheng med planlagte tiltak i sjø. Kriterie for verdisetting av naturmangfald og naturressursar er gjengitt i tabell 3 i rapporten, og er basert på ulike håndbøker og den ein kvar tid gjeldande Norsk raudliste for artar.

Utdrag frå rapport 2118, kjelde Rådgivende Biologer AS:

«Delområde 1 - Vågsvika

- Tema naturtyper på land og i ferskvann vurderes til liten verdi.
- Tema naturtyper i saltvann vurderes til liten verdi.
- Tema viltområder vurderes til liten verdi.
- Tema artsforekomster vurderes til middels verdi.
- Tema områder for fiske og havbruk vurderes til liten verdi.

Delområde 2 – Svevågen

- Tema naturtyper på land og i ferskvann vurderes til liten verdi.
- Tema naturtyper i saltvann vurderes til middels til stor verdi.
- Tema viltområder vurderes til liten verdi.
- Tema artsforekomster vurderes til middels verdi.
- Tema områder for fiske og havbruk vurderes til liten verdi.»

3.3 Tilgjenge

Ein stor del av arealet på sørsida av Vågsneset er ikkje utbygt i dag. Dette er vidareført, og desse områda er lagt inn som grønstruktur i områdeplanen for Våge sentrum.

Universell utforming er så langt som råd lagt til grunn ved utforming av grøntområda.

Grøntområda vil verta ivaretatt gjennom reguleringsplanen og oppmuntre til bruk gjennom aktivitetar i området, badeplass og gang- og sykkelveggar.

Svevågen er i dag eit mindre tilgjengeleg område grunna mudderbotnen, og vert svært lite nytta av menneske. Svevågen er delvis omkransa av tré, også mot bensinstasjonen, rimi og møbelforretningen. Desse er med på å stenga av sentrumsområdet frå Svevågen, som ikkje er synleg frå vest.

Slik situasjonen i nærområdet er i dag, vert området ved essoen liggande i utkanten av det definerte sentrumsområdet. Ved å opne delar av Svevågen og samtidig introdusere publikumsvenlege aktivitetar og funksjonar, vil Våge få eit samanhengande og definert sentrumsområde som byrjar ved Svevågen i søraust, essoen i sørvest, og kaifronten i nord.

Planforslaget legg opp til ei delvis utfylling av Svevågen slik at areala vil kunne nyttast. Her er det regulert til torg, grøntområde og kombinert bustad/ forretning. Gangareal sikrar tilkomst og bruk, medan det er mogelegheit for bading ved grøntområda og frå kaifasaden ved torget. Planforslaget legg opp til å ivareta ålment nytta turstiar og vidarefører desse i reguleringsplanen.




Foto frå dei eksisterande tilhøva ved Svevågen. Kjelde: Omega Areal AS

Verdivurdering

Det er positive samfunns- og utviklingsverdier i tilrettelegginga for tilgjenge.

- Deltema tilgjenge er vurdert til middels verdi på bakgrunn av dei samfunnsmessige tilretteleggingane som føreslått i plan.

3.4 Oppvekst- og bustadmiljø

Planen legg opp til fleire og meir tilrettelagte fellesareal med trafiksikre tilkomst på gang- og sykkelveg. Trafikkmønsteret elles er sikra gjennom betre kryss og utviding av veg. Gang- og sykkelveg sikrar tilkomst til bedehus og kyrkje, og vidarefører vegane mot eksisterande gang- og sykkelveg mot Tysnes skule og mot Vågsmarka bustadområde og barnehage. Ei opprydding av utflytande asfaltflater vil vere eit trafiksikrande tiltak. Fritidsaktivitetane i nærområdet er ivaretatt.

Tysnes kommune har fleire barnehagar, der den næraste, Vågsmarka barnehage, ligg 500 meter sør for planområdet ved Vågsmarka bustadfelt. Tysnes skule ligg 200 meter sør for planområdet, og har tilbod for 5.-10. klasse. Planområdet legg opp til sikker veg mot allereie opparbeida gang- og sykkelveg til skule og barnehage. Uggdal skule har tilbod for 1. – 4. klasse, og ligg 3,6 km sør for planområdet. Det er i områdeplanen lagt opp til gang- og sykkelveg mot busslomme vest for møbelbutikken mot Uggdal.

Det er elles lagt inn fleire grøntområder og leikeområder som kan nyttast til barn og unge, som akebakke og rekreasjonsområde.

Verdivurdering

Det er positive samfunns- og utviklingsverdier i tilrettelegginga for gode oppvekst- og bustadmiljø.

- Deltema oppvekst- og bustadmiljø er vurdert til middels verdi på bakgrunn av dei samfunnsmessige tilretteleggingane som føreslått i plan.

3.5 Funksjonell strandsone

Ein stor del av strandsona er per i dag privatisert og ligg i 100m- beltet. Det er totalt ca. 1800 meter strandline rundt Vågneset slik planforslaget legg opp til. Av dette er ca. 42% av strandlina sett av til naustføremål i planen. Teoretisk sett kan omtrent 90% av strandlina byggjast ut med naust dersom ein også reknar med bustadføremåla med naustbygging. Dette er lite reelt då areala allereie er bygd ut med bustader, og det er sett krav til maksimal utnytting.

Det er i dag stor privatisering av strandkanten, også på Vågneset. Det er i plankartet lagt inn byggjegrænse på 5 meter frå sjø i tråd med vedtaket gjort av kommunal- og moderniseringsdepartementet, der det i føresegnene opnar for at m.a. endeleg byggjegrænse mot sjø vert avklart som del av ein detaljregulering. Ei byggjegrænse trekt inn i frå kystlina vil i utgangspunktet gå inn over eksisterande busetnad og øydeleggje for den verdien slik utbygging historisk sett har i Våge, men det gir lite rom for tilgjenge langs strandsona. Gjennom ei detaljregulering vert det difor gjort ei nærare tilpassing av byggjegrænsene på kvar tomt, der det blir teke omsyn til eksisterande hus og rom for fortetting.

Byggjegrænse elles i planen er trekt i høve til omliggjande føremål og funksjon. T.d. har signalbygget i nord byggjegrænse i føremålsgrensa, då denne skal fungere som portalen frå sjøsida, og vil ha promenade langs sjø.

Bustadføremål som grensar til sjø har også regulert byggegrense i føremåls grensa. Det har vore vanskeleg å få til ei byggegrense trekt frå sjølina, og med dei eksisterande tilhøva let det seg ikkje gjere. Fasadefronten mot sjø har vore eit viktig særpreg i Våge, særleg i Vågsvika som har direkte tilknytning til sentrumsfunksjonane, småbåthamn og ferjekai.

Det er regulert badeplass inst i Vågsvika. I Vågsvika er det regulert inn eksisterande naust i bakkant og med badeplass på eit ca. 10 meter breitt område.

Områdeplanen legg opp til at turdrag, gang- og sykkelveggar og fortau skal sikre tilkomst til den delen av strandsona som ikkje allereie er privatisert. Slik infrastruktur er i områdeplanen gjennomgåande, og er betydeleg utbetra i høve til dagens situasjon. I vest er det lagt opp til at eksisterande grøntstruktur ved Krokjen er bevart, samt tursti opp i fjellet. Alle gang- og sykkelveggar, fortau, gågater og turveggar er offentlege.

Verdivurdering

Det er konkludert med at den ålmenne tilgjenga er større enn konsekvensen for strandsonearealet, då det i all hovudsak er eksisterande høve som er regulert inn.

- Deltema funksjonell strandsone og ålmenn tilgjenge er vurdert til liten verdi.

3.6 Landskap

Landskapet i Våge sentrum er prega av både frittliggjande småhusutbygging og større bygg med blanding av tenesteyting, forretning, bustad og kontor. Ved å regulere til frittliggjande konsentrerte bustader og blokkutbygging legg planen opp til ei høgare utnytting. Ei tettare utbygging fører til større bygningsmassar som vil vise igjen i landskapet, og ein mindre del av landskapet vil framstå som urørt, men det er satt klare krav til høgder for dei ulike områda. Det er mindre områda med overflatedyrka jord, innmarksbeite og skog, som i størst mogleg grad er regulert til grøntstruktur i planen. Landskapet vil ha ei større endring i Svevågen.

Løysinga vil opne opp for bruk og nærleik mellom områda Vågneset og Vågsmarka, og landskapsområdet vil opplevast meir samanhengande og tilgjengelig.

Verdivurdering

- Deltema landskap er vurdert til stor verdi på bakgrunn av utbygging som krev tilpassing til eksisterande landskap for god nær- og fjernverknad, samt større areal til utfylling.

3.7 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturmiljø innafor planområdet. Det er registrert fem automatisk freda kulturminner som det vert tatt omsyn til i reguleringsplanen og føresegnene med omsynssone c og d. På denne måten skal områda verta sikra mot framtidig påverknad.

Våge har ikkje tidlegare vore SEFRAK registrert.

Verdivurdering

- Deltema kulturminne og kulturmiljø er vurdert til stor verdi på bakgrunn av funn av automatisk freda kulturminne.

3.8 Omsyn til nyare tids kulturminne

Nyare tids kulturminne har plassering innafor områda 1-5, medan område for fortetting omfattar områda A-G.

Område for fortetting:

A Bustader – konsentrert – småhus

B Bustader/ forretning

C Bustad/ forretning/ kontor

D Forretning/ kontor/ tenesteyting

E Bustad/ forretning/ kontor


F Kombinert

G Fritids- og turistføremål

Område for nyare tids kulturminne og omsyn til dei:

1 Delar av hamn og ferjekai:

Her er det eit bustadhus frå før 1925 og Mandelhuset frå ca. 1900 som er dei eldste husa. Bustadhuset har ein mur som avslører at bygget er gammalt, men har elles lik utsjånad som fleire andre bygg ved ferjekaien. Vidare omsyn til desse bygningane vil difor ikkje vere naudsynt, då heile bygningsstrukturen i området må vektleggjast ved ei eventuell utbygging.



Område for nyare tids kulturminne og planlagt fortetting

Naustet ved sidan av Mandelhuset vart bygd i seinare tid, men har i stor grad same bygningsstil som Mandelhuset. Desse to bygningane utgjer ein kontinuitet av sjøhusrekka inst i Vågsvika. Denne kontinuiteten bør det tas vare på, og ikkje bryta opp sjøhusrekka langs sjø på denne sida av vika.

2 Delar av Vågsneset: Her er nokre av dei eldste bygningane på Våge, der 3 naust langs sjø og eit gardsbruk ved fylkesvegen står att. Desse er frå før 1904, og syner på dei eldste fotoa som er tekne av Våge.

Gardsbruket formar eit tun, og det må tas omsyn til dette tunet og nausta ved vidare utbygging av Vågsneset. Ved å byggje frittliggjande småhus i desse områda vil bygningane og strukturen verta heldt.

3 Gardsbruk vest for Triangel: Løa «Oppilåven» har eit stort volum og er over 3 etasjar høg. Storleiken på løa og bustadhuset saman med Triangel gjer at det er mogeleg å ha ein meir konsentrert bustadutbygging nord for gardsbruket.

4 Eldre tun ved Lande: Det eldre tunet ligg i planforslaget med grøntstruktur som buffersone mot andre føremål for å bevare inntrykket tunet har. Tunet har ei flott utsikt som gjer at høge bygningar framføre tunet vert fraråda.

5 Vonheim ungdomshus: Ungdomshuset har vore ein felles arena for dans, basar og revyar sidan det vart etablert i 1923. Bygningen har eit stort volum og med mur ned til gateplan. Sjølv om muren er noko uheldig med tanke på å få eit livlig og tilgjengeleg gateplan, er bygningen likevel eit midtpunkt på staden som etter kvart har vorte dempa ned av andre større bygningar. Planen legg opp til kombinert føremål bustad/ forretning/ kontor, og med tettare konsentrasjon ovanfor Vonheim og Triangel. Dette vil ikkje overskygge eller påverke statusen Vonheim har i Våge i dag.

I tillegg til nyare tids kulturminne vert også bekken som renn ut i Sjevågen bevart gjennom reguleringsplanen.

Reguleringsplanen legg opp til at eigedomar med i hovudsak bustadutbygging vert regulert til dette føremålet. Meir konsentrerte bustader er plassert mot Vågsmarka, bak Triangel og ved den nordlegaste delen av ferjekaien. I tillegg legg planen opp til blokkutbygging i Sjevågen i kombinasjon med forretning. Planen opnar også opp for rekkje- og kjedehus mot sjø ved Gjerstad under fritids- og turistføremål.

Planen legg opp til bustadar i andre plan enn gatenivå i bygningar med kombinerte føremål med krav til maks. høgde og takform slik at dei tar omsyn til nabobygningar og viktige siktliner. Gjennom planen vil det eksisterande bygningsmiljøet verta heldt slik det er i dag, medan det vert opna opp for fortetting med føresegner om materialval, fargar, høgde, takform og oppdeling av nye bygningsmassar.

Verdivurdering

- Deltema omsyn til nyare tids kulturminne er vurdert til stor verdi på bakgrunn av det historiske bygningsmiljøet i Våge.

3.9 Helse

Endringane i trafikksituasjonen vil føre til ei betring av eksisterande trafikksituasjon. Vegstrukturen mellom køyrebane og gang- og sykkelfelt er rydda opp i, og viktige aksar er heldt. Det er lagt opp til fleire nye gang- og sykkelvegar innafor området, noko som gjer at fleire enklare kan bevege seg innafor området, som igjen er helsefremmande. Gode grøntområde gir også høve til aktivitetar for alle aldersgrupper. Våge er prega av mykje aktivitet om sommaren, med tilflyttarar som bur i hus nytta som fritidsbustad. Ved å få fleire tilflyttarar til Våge, vil tettstaden få meir kontinuerleg aktivitet gjennom heile året, og vere positiv i høve til fastbuande og for næringa. Ved å leggje opp til fleire fastbuande i sentrum, så er det fleire som er i gåavstand til butikkar og servicetilbod.

Verdivurdering

- Deltema helse er vurdert til stor verdi på bakgrunn av tilrettelegging for framtidig trivsel i Våge.

3.10 Lokalklima og soltilhøve

Det er lite truleg at lokalklima vert endra som følgje av utbyggingstiltak. Planen legg ikkje opp til industriområde som vil vere ei potensiell langvarig ureiningskjelde som kan ha varig verknad på lokalklima.

Planen legg opp til tettare utbygging, noko som kan vere med på å kaste skygge over områder, men grunna topografien i Våge sentrum vil problemet vere minimalt.

- Nye bustadområder mot Lande vil ha gode soltilhøve med morgon- og dagssol. Dette området ligg i ei fjellside slik at større konsentrasjon av bygningar vil kaste mindre skygge enn på flat mark. Soltilhøva må sjekkast i ein eventuell prosjekteringsfase før utbygging.
- Arealet lengst sør mot Vågsmarka kan få noko skygge då dette er nedst i ei fjellside. Likevel vil området ha delvis dagssol og kveldssol.
- Nye bustader på Vågneset vil ha svært gode soltilhøve då det ikkje er høge fjell som skyggar for sola. Her er det i planforslaget lagt opp til frittliggjande bustader slik at nye hus ikkje vil skapa vesentleg skygge for eksisterande busetnad.
- Ny utbygging på Svevåen kan føre til skygge over delar av grøntområda på morgonen, men vil få sol på dags- og kveldstid. Svevåen ligg noko lenger ned i terrenget enn fylkesvegen, men vil likevel kunne kaste skygge over fylkesvegen mot sør og søraust, avhengig av plassering og storleik på nye bygg.




Soldiagram, vårdøgndøgn 21. mars, kl. 12.00 og kl. 15.00.

Verdivurdering

- Deltema lokalklima og soltilhøve er vurdert til middels verdi på bakgrunn av framtidig trivsel.

3.11 Støy



Høgare tilflytting til Våge kan resultere i større trafikkmengder på veg, og dermed noko meir støy. Samstundes legg planen opp til betre trafikkflyt og lågare fart, noko som fører til at støynivået reduserast. Bustader i sentrum kan også føre til at færre treng bil til butikk mm.

Planområdet legg ikkje opp til industriområde. Ei auka båttrafikk inn til utviding av eksisterande hamn ved ferjekaien vil generere meir støy enn det gjer i dag.

Anleggsstøy vil vere ein konsekvens ved bygging av nye bustader. Denne støykjelda vil ta slutt etter at anleggsfasen er over. Trafikkstøy vil vere den største støykjelda i området.

Raud og gul støysone i planen.

Verdivurdering

- Deltema støy er vurdert til liten verdi på bakgrunn av dagens krav til inne- og utestøy som skal oppfølgjast.

3.13 Energi og bærekraftig utvikling

Ved å tilretteleggja for tenester, kontor, forretning og bustadutbygging vil Våge sentrum ha eit auka bruk av energi.

I 2010 vart det utarbeidd ein klima- og energiplan i Tysnes kommune. Av rapporten kom det fram at 41 % av energibruken i kommunen vart i 2008 dekkja av elektrisitet. Bruk av fossile brensel utgjør til saman 51 %, og trebrensel står for 8 %. Uggdal Skule sør for planområdet nyttar både elektrisk varme og vassvarme, og Tysnes skule har planlagt tiltak med bio-/ jordvarmeanlegg saman med Tysneshallen. Det er eit potensial for utnytting av biomasse i kommunen, spesielt knytt til trevirke. Skogeigarlaget har tidlegare vurdert moglegheita for slike avtalar med bruk av trevirke i produksjon av varme. Det er også høve til å nytta energi frå havet gjennom bruk av varmepumper.

Større bustad- og næringsprosjekt har potensiale til å nytte vassboren varme og jordvarmeanlegg. Utnytting av biomasse knytt til trevirke kan i framtida vere ein ressurs for kommunen i produksjon av varme.

Verdivurdering


- Deltema energi og bærekraftig utvikling er vurdert til middels verdi på bakgrunn av framtidig utvikling av Våge med tanke på fornybar energi.

3.14 Beredskap og ulukkesrisiko

Beredskapstid, varsling, avstand og tilkomst til skule, barnehage, kjøpesenter, bustadområde, rekreasjonsområde, sjukehus, hotell og idrettsarenaer er viktige element i utarbeidinga av risiko for ulykker i samband med farlege stoff og kjemikalie, olje- og gassanlegg, sykkel-, bil- og båtulykker, sjukdomstilfelle, brann og naturfarar som skred, flom og ekstrem vær.

Uggdal er administrasjonssenteret i kommunen og har legekontor, lensmannskontor og brannvesen, og ligg 4,6 km frå Våge sentrum. Dette utgjør ei køyretid på maks. 5 minutter. Næraste ambulansestasjon er på Lunde, ca. 8 km. aust for planområdet. I tillegg kjem tida før dei ulike etatane rykk ut til ulukkestaden.

Illustrasjon: Plassering av viktige bygg og funksjonar.




Verdivurdering

- Deltema beredskap og ulukkesrisiko er vurdert til stor verdi.

3.15 Tap av dyrka mark

Innafor planområdet er det i hovudsak jordbruksareal på Vågsneset, på den vestlege kollen, og mellom dei to.

- 1060 m² overflatedyrka jord på 94/156 som vert tillagt bustadføremål.
- 1580 m² overflatedyrka jord på 94/28 som vert tillagt naturområde.
- 615 m² overflatedyrka jord på 24/28 som vert tillagt kombinerte føremål.
- 2420 m² av innmarksbeite på 94/28 (og delar av 94/116), derav 200 + 960 m² vert regulert til bustadføremål, 220 m² til kombinerte føremål, og 1040 m² til naturområde.



Bonitet. Kjelde: www.ngu.no

Til saman er det ca. 3.0 daa som går frå å vere overflatedyrka jord og innmarksbeite – til område for utbygging. 2.6 daa vil liggje igjen under naturområde.

Område som i bonitetskartet syner skog med særs høg bonitet vil verta tillagt kombinerte føremål for utbygging. Resterande skog av høg bonitet vil liggje i både område for tiltak, natur- og grøntområde. Det dominerande treslaget er lauvtré.

I byggjeområda i vest består områda som ikkje er utbygd av lauvskog med høg bonitet. Elles er det eit lite område ved 94/171 med fulldyrka jord. Eigedomen er regulert til bustadføremål, grøntstruktur og turveg. Det er vanskeleg å sei kor mykje skog som vil verta fjerna av utbygginga, då terrengtilhøve og plassering av bygningar har ulik innverknad på eksisterande skog.

Særskilt eldre lauvskog med edellauvtre har stor verdi for biologisk mangfald - som karbonlager og for opptak av CO₂ pr. arealeining. Skogtypane sin verdi for biologisk mangfald fell saman med verdien for det årlege opptaket som aukar med skogen sin alder.

Skogen er yngre enn 40 år, og har ikkje særleg stor verdi når det gjeld opptak av CO₂. Areal ligg slik at det er ulønsamt å drive hogst på desse, og har dermed også liten verdi grunna det. Lenger opp i høgda er det mykje større skogsområder med både eldre og gamal skog på over 81 år.

Kjelde CO₂ opptak og alder: Norsk institutt for naturforskning v/ Forskingssjef Erik Framstad.

Verdivurdering

- Deltoma tap av dyrka mark er vurdert til liten verdi på bakgrunn av dagens bruk av områda.

3.16 Utbygging i Sjevågen

Det er føreslått utfylling av Sjevågen for tilrettelegging av torg og kombinert bustader og forretning.

Hovudtanken er å etablere eit større område for opphald og samspel som er publikumsretta. Sjevågen ligg sentralt, og har potensiale for utviding av sentrumsfunksjonane. Våge ber preg av å vere sesongbetont, og det er mangel på offentlege uterom og gode forbindelsar for mjuke trafikantar. Løysinga vil opne opp for bruk og nærleik mellom områda Vågsmarka – Vågsneset – Ferjekaien, og landskapsområdet vil opplevast meir samanhengande og tilgjengelig.

Det er i føresegnene krav til utarbeiding av detaljert plan for torget (som skal godkjennast av kommunen). Denne skal bl.a. syne belegning, belysning og møblering. På denne måten vil kommunen ha høve til å verka inn på utforminga av området slik at dette er i samsvar med deira intensjonar og kommunale mål.

Bekken gjennom området skal liggja ope, og det er knytt føresegner om parkmessig utforming omkring denne gjennom omsynssone til planen.

Torget bør opparbeidast med slik belegning og møblement som understreker området sin funksjon som offentlig møtestad, samtidig som den naturlege tilhørsla til Vågsneset vert understreka. Arealet i omsynssona H550_1 skal parkmessig opparbeidast, med beplantning som ein naturleg del av kantsona, og som kan integrerast med belegning og opparbeidinga av torget elles.



Døme på godt samspel mellom menneskelig inngripen og natur.

Vinnar av konkurranse i USA om infiltrasjon og sparing av vatn.

Kjelde: Illinois Institute of Technology

Ved å leggje til rette for gang- og sykkelveg på tvers av, og langs med torget får ein betre tilgjenge mellom den sørlege og nordlege delen av Sjevågen. I sør ligg kyrkja, bedehus og bustadområde, i nord Vågsneset og dei eksisterande sentrumsfunksjonane.

Gang- og sykkelvegen langs sjøfronten skal integrerast med resten av torgområdet, og opparbeidast som ein promenade langs kai.

Det er planlagt forretning på første plan som er med på å skape eit publikumsretta gateplan saman med torget. Utvidinga av sentrumsfunksjonane mot Sjevågen er med på å skape eit samla og definert sentrum som er nært tilknytt kvarandre.

Korte avstandar og behov for å utvide sentrum har vore grunnlaget for å etablere dei nye utbyggingsområda i Sjevågen. Ved å styre utbygginga gjennom %BYA vil større område liggje igjen urørt, eller opparbeidd til uteområde tilknytt naturomgjevnadene. Det er tatt omsyn til terrengtilhøve og utsikt i fastsetjinga av maksimale byggjehøgder.

Verdivurdering

Det er positive samfunns- og utviklingsverdiar i ei slik tilrettelegging for opphald og turisme som planframlegget legg til rette for.

- Deltema utbygging i Sjevågen er vurdert til stor verdi på bakgrunn av dei positive samfunnsverdiane som følgje av planlagte tiltak knytt til fylling i sjø for tilrettelegging av nye bygningar, opphald og turisme.

Sjølv om det er klart positive samfunnsverdiar knytt til planlagte tiltak, viser rapport 2118 til verdiar knytt til naturmangfald som ikkje kan neglisjerast.

4 Verknader og konsekvensar for deltema

Oppsummering av vurdert samla konsekvens knytt til kvart deltema. Konsekvensen av tiltaket er analysert ut i frå ei samla vurdering av verdi knytt til mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktigheit og omfang.

Trafikk og parkering

Gate- og gangvegsstrukturen er med planframlegget vorte forbetra og oppfordrar til høg aktsemd og låg fart for køyrande, der ferjesambandet og mjuke trafikantar er i fokus. Infrastrukturen oppfordrar til trafikksikker bruk og tilgjenge for alle trafikantar.

- Stor verdi med stor positiv verknad gir meget stor positiv konsekvens +4

Tiltak i sjø

Dei samla konsekvensane av å tilretteleggje for næringsutvikling og arbeidsplassar gjennom reiseliv og turisme, samt offentleg og ålmenn tilgjenge er vurdert høgt i konsekvensvurderinga, samtidig som ein må ta høgd for avdekka funn knytt til naturmangfald og havsedimenter (kjelde rapport 2118).

- Deltema tiltak i sjø er vurdert til stor verdi på bakgrunn av dei positive samfunnsverdiene som følgje av planlagte tiltak knytt til utviding av hamner for tilrettelegging av opphald og turisme. Stor verdi med stor positiv verknad gir meget stor positiv konsekvens +4

Dette må sjåast i samband med følgjande tema som av Rådgivende Biologer AS er vurdert i rapport 2188 (naturmangfald og naturressursar). Utdrag frå rapporten:

1. Vågsvika

1.1. Liten verdi og ingen virkning gir ingen konsekvens (0) for tema naturtyper på land og i ferskvann.

1.2. Liten verdi og stor negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-) for tema naturtyper i saltvann.

1.3. Liten verdi og ingen virkning gir ingen konsekvens (0) for tema viltområder.

1.4. Middels verdi og liten negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-) for tema artsforekomster.

1.5. Liten verdi og ingen virkning gir ingen konsekvens (0) for tema områder for fiske og havbruk.

2. Svevågen

2.1. Liten verdi og ingen virkning gir ingen konsekvens (0) for tema naturtyper på land og i ferskvann.

2.2. Middels til stor verdi og middels til stor negativ virkning gir middels til stor negativ konsekvens (--/---) for tema naturtyper i saltvann.

2.3. Liten verdi og middels negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-) for tema viltområder.

2.4. Middels verdi og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (-) for tema artsforekomster.

2.5. Liten verdi og ingen virkning gir ingen konsekvens (0) for tema områder for fiske og havbruk.

Tilgjenge

Grøntområda vil verta ivaretatt gjennom reguleringsplanen, og den i dag lite tilgjengelege Sjevågen vil verta delvis fyllt igjen. Planen oppmuntrar til bruk gjennom bustad-, og grøntområde, badeplass og gang- og sykkelveg.

- Deltema tilgjenge er vurdert til middels verdi på bakgrunn av dei samfunnsmessige tilretteleggingane som føreslått i plan. Middels verdi med middels positiv verknad gir middels positiv konsekvens +2

Oppvekst- og bustadmiljø

Trafikkmønsteret elles er sikra gjennom betre kryss og utviding av veg. Gang- og sykkelveg sikrar tilkomst til bedehus og kyrkje, og vidarefører vegane mot eksisterande gang- og sykkelveg. Fritidsaktivitetane i nærområdet er ivaretatt.

- Deltema tilgjenge er vurdert til middels verdi på bakgrunn av dei samfunnsmessige tilretteleggingane som føreslått i plan. Middels verdi med middels positiv verknad gir middels positiv konsekvens +2

Funksjonell strandsone

Det er har vore så stort press på strandsona at dei lengre strekkingar allereie er utbygde. Desse områda er regulert inn saman med områder som ligg klemt. Byggegrenser har dermed også blitt lagt etter dette, forutan på Vågsneset der byggegrensa til sjø ligg med 5 meter. Denne grensa vert nærare avklart som del av detaljregulering.

Den ålmenne tilgjenga er vorte betre med områdeplanen enn dagens situasjon. Det er lagt føringar på bygningar i strandsona slik at desse styrker eksisterande og historiske verdiar i Våge.

Det er lagt opp til tilkomst mot sjø så langt som råd, då det meste av arealet mot sjø er privatisert. Det er viktig at ikkje fleire areal langs sjø vert privatisert og at viktige aksar vert ivaretatt.

- Deltema funksjonell strandsone og ålmen tilgjenge er vurdert til liten verdi. Liten verdi med middels positiv verknad gir liten positiv konsekvens +1

Landskap

Konsekvensane av å ha ei tettare utbygging er at dei fører til større bygningsmassar som vil vise igjen i landskapet. Denne effekten vil variere med tanke på utforming av bygningsmasse, plassering, omliggjande bygningar og topografi.

- Deltema landskap er vurdert til stor verdi med liten negativ verknad. Dette gir liten negativ konsekvens -1

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminna innafor planområdet vil verta tatt omsyn til gjennom reguleringsplanen. På denne måten skal områda verta sikra mot framtidig påverknad.

- Deltema kulturminne og kulturmiljø er vurdert til stor verdi med ingen verknad. Dette gir ubetydeleg konsekvens 0

Omsyn til nyare tids kulturminne

- Deltema omsyn til nyare tids kulturminne er vurdert til stor verdi med ingen verknad. Dette gir ubetydeleg konsekvens 0

Helse

Ved å få meir tilflyttarar til Våge, vil tettstaden få meir kontinuerleg aktivitet gjennom heile året, og vere positiv i høve til fastbuande og i ein næringsssamanheng.

- Deltema helse er vurdert til stor verdi på bakgrunn av tilrettelegging for framtidig trivsel i Våge. Stor verdi med middels positiv verknad gir middels positiv konsekvens.

Lokalklima og soltilhøve

Det er lite truleg at lokalklima vil verta endra som følge av utbyggingstiltak. Planen legg opp til tettare utbygging som kan vere med på å kaste skygge over områder, men grunna topografien i Våge sentrum er konsekvensane av dette små.

- Deltema lokalklima og soltilhøve er vurdert til middels verdi. Middels verdi med liten negativ verknad gir liten negativ konsekvens. -1

Støy

Høgare tilflytting til Våge kan resultere i større trafikkmengder på veg, og dermed meir støy. Samstundes legg planen opp til ein betre trafikkflyt og lågare hastigheiter, noko som fører til at støynivået reduserast.

- Deltema støy er vurdert til liten verdi. Liten verdi med liten negativ verknad gir liten negativ konsekvens -1

Energi og bærekraftig utvikling

Bruk av fossile brensel utgjer til saman 51 %, og trebrensel står for 8 % i Tysnes kommune. Utbyggjarane må gå aktivt inn for å nytta alternative energikjelder i nye bustad- og næringsprosjekt, i tillegg til i utbygde områder. Om planen vil ha konsekvensar for ei berekraftig utvikling ligg i valet av energikjelde i eksisterande og nye bustad- og næringsområder.

- Deltema energi og bærekraftig utvikling er vurdert til middels verdi. Middels verdi med middels positiv verknad gir middels positiv konsekvens. +2

Beredskap og ulukkesrisiko

- Deltema beredskap og ulukkesrisiko er vurdert til stor verdi. Stor verdi med middels positiv verknad gir middels positiv konsekvens. +2

Tap av dyrka mark

Det er estimert eit tap av dyrka mark fordelt over fire område, og er i seg sjølv for små til å danne grunnlag for større jordbruksdrift. Det vil fortsatt liggje eit areal på ca. 2.6 daa dyrka mark og beiteareal igjen.

-
- Deltema tap av dyrka mark er vurdert til liten verdi med liten negativ verknad, som gir liten negativ konsekvens -1

Utbygging av Sjevågen

- Deltema utbygging i Sjevågen er vurdert til stor verdi på bakgrunn av dei positive samfunnsverdiane som følgje av planlagte tiltak knytt til fylling i sjø for tilrettelegging av nye bygningar, opphald og turisme. Stor verdi med stor positiv verknad gir meget stor positiv konsekvens +4

5 Samla vurdering

Tabell med rangering av verdi, verknad og konsekvens i høve til dei ulike deltema:

Deltema	Verdi Liten/ middels/ stor	Verknad Stort/ middels/ liten/ ingen/ liten/ middels/ stort negativ positiv	Konsekvens
Trafikk og parkering	Stor samfunnsverdi	Stor positiv samfunnsverknad	Meget stor positiv +4
Tiltak i sjø	Stor samfunnsverdi	Stor positiv samfunnsverknad	Meget stor positiv +4
Tilgjenge	Middels samfunnsverdi	Middels positiv samfunnsverknad	Middels positiv +2
Oppvekst- og bustadmiljø	Middels samfunnsverdi	Middels positiv samfunnsverknad	Middels positiv +2
Funksjonell strandsone	Liten verdi	Middels positiv verknad	Liten positiv +1
Landskap	Stor verdi	Liten negativ verknad	Liten negativ -1
Kulturminne og kulturmiljø	Stor verdi	Ingen verknad	Ubetydeleg 0
Omsyn til nyare tids kulturminne	Stor verdi	Ingen verknad	Ubetydeleg 0
Helse	Stor verdi	Middels positiv verknad	Middels positiv +2
Lokalklima og soltilhøve	Middels verdi	Liten negativ verknad	Liten negativ -1
Støy	Liten verdi	Liten negativ verknad	Liten negativ -1
Energi og Bærekraftig utvikling	Stor verdi	Middels positiv verknad	Middels positiv +2
Beredskap og ulukkesrisiko	Stor verdi	Middels positiv verknad	Middels positiv +2
Tap av dyrka mark	Liten verdi	Liten negativ verknad	Liten negativ -1

Utbygging av Sjevågen	Stor samfunnsverdi	Stor positiv samfunnsverknad	Meget stor positiv +4
-----------------------	--------------------	------------------------------	-----------------------

Gjengiving av samla verknader og konsekvensar frå rapport 2118 for delområde 1 – Vågsvika			
Naturtypar på land og i ferskvatn	Liten	Ingen verknad	Ingen 0
Naturtypar i saltvatn	Liten	Stor negativ verknad	Liten -1
Viltområde	Liten	Ingen verknad	Ingen 0
Artsførekomstar	Middels	Liten negativ verknad	Liten -1
Fiske og havbruk	Liten	Ingen verknad	Ingen 0
Gjengiving av samla verknader og konsekvensar frå rapport 2118 for delområde 2 – Sjevågen			
Naturtypar på land og i ferskvatn	Liten	Ingen verknad	Ingen 0
Naturtypar i saltvatn	Middels til stor	Middels til stor negativ verknad	Middels til stor negativ -2 / -3
Viltområde	Liten	Middels negativ verknad	Liten negativ -1
Artsførekomstar	Middels	Middels negativ verknad	Middels negativ -2
Fiske og havbruk	Liten	Ingen verknad	Ingen 0

Det må i samband med vurderingar kring dei positive samfunnsverknadane av planframlegget takast høgde for funn gjort i konsekvensutgreiinga av naturmangfald og naturressursar (rapport 2118). Konsekvensane av reguleringsplanen vert størst for det rapporten omtalar som delområde 2 – Sjevågen, der det er gjort funn av viktige naturtypar og særskilt raudlistearten østers i Sjevågen. Planane vil i tillegg innskrenke område for næringsøk for enkelte raudlista sjøfuglar.

I det rapporten omtalar som delområde 1 – Vågsvika, er det ikkje registrert viktige naturtypar, og planene vert ikkje sett på å ha negativ konsekvens for raudlisteartane registrert i dette delområdet.

I samband med konsekvensutgreiinga vart det også føreteke sedimentundersøkingar, der rapport 2118 syner til ein viss risiko for spreining av miljøgifter ved ferjekaien, og fare for spreining av finkorna sediment i Sjevågen. Dette er alle høve som rapporten tek stilling til, og har vurdert avbøytande tiltak mot.

Den samla belastninga er i rapporten vurdert i høve til Naturmangfaldlova §10:

«En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastningen som økosystemet er, eller vil bli, utsatt for, jf. § 10 i naturmangfoldloven. Realisering av reguleringsplanen for Våge sentrum vil isolert sett ha stor negativ konsekvens for temaene naturtyper i saltvann og artsforekomster i Sve-vågen, og liten negativ virkning for de samme temaene i Vågsvika. For temaene naturtyper på land og i ferskvann, og viltområder, vil reguleringsplanen ha liten negativ konsekvens, eller ingen konsekvens, både i Sjevågen og Vågsvika. Områdene langs vestre del av Vågsvika er i dag klart mest belastet med naturinngrep, mens vestre del av Sjevågen er minst belastet. Det finnes pr. i dag ingen andre kjente utbyggingsplaner i nærområdene til Sjevågen og Vågsvika. Den samlede belastningen på området, og kvalitetene som er beskrevet, vurderes på bakgrunn av kjent kunnskap å være middels.»

Det er føreteke ei tilleggsvurdering av funna gjort i rapporten knytt til naturtypar i saltvatn og artsførekomstar. Følgjande kan summerast i høve til dette:

- Utfyllingen aust i Sjevågen vert vurdert som beskjeden, med lite til ingen overlapp med område der det er dokumentert blautbotn eller ålegras. Ei utfylling her vert ansett i liten grad å påverke vatnsirkulasjonen i Sjevågen. Isolert sett vil tiltaka søraust i Sjevågen ha liten negativ verknad for naturtypar i saltvatn, som gir liten konsekvens (-1)
- Tiltaka vest i Sjevågen er utgjerd dei klart tyngste inngrepa, der verknaden er middels til stor negativ, og konsekvensen middels til stor negativ (-2 / -3) for naturtypar i saltvatn.
- Østers er i ny raudliste for artar, 2015 nedjustert frå sterkt trua (EN) til nær trua (NT). Motteke opplysningar frå lokale og Havforskningsinstituttet sin østers- ansvarleg Torjan Bodvin, tilseier at østers er vanleg i influensområdet og i Tysnes kommune elles. For arten østers vurderer rapporten difor med at tiltaket har middels negativ verknad, som gir middels negativ konsekvens for tema artsførekomst i Sjevågen (-2).

Østers fins naturleg frå Marokko til Helgelandskysten, der Noreg og Sverige er dei einaste landa som i dag har sjukdomsfrie bestandar. Havforskningsinstituttet følgjer med på både utbreiinga av stillehavsøsters, og tilstanden til dei norske bestandane av vanleg østers. Ei rekkje førekomstar i Tysnes kommune vert ansett som kjend. Det andre funnet gjort i Noreg av vill stillehavsøsters er gjort i Tysnes, som tyder på suksessfull gyting. I dag er stillehavsøstersen foreløpig berre funnen i små førekomstar på enkelte stader i Hordaland, mens den førekjem i større bankar på Sørlandet.

For å beskytte førekomstane av østers vert desse generelt ikkje gjort kjent for offentlegheita. Rådgivende biologer AS viser til at det nyleg er gjennomført eit omfattande nasjonalt kartleggingsarbeid av desse førekomstane, også i Hordaland, men dette vert ikkje gjort offentleg i tekstformat, eller gjort tilgjengeleg på kart.

6 Tiltråding

Det er gjort ei tilråding av tiltak sett ut i frå positive og negative konsekvensar av planlagte tiltak.

Positive konsekvensar

- Tilrettelegging av nye bustader vil generelt vere positivt for folketalsutviklinga og næringa i Tysnes.
- Våge sentrum har god tilgang til skule, barnehage og fritidstilbod. Planen legg opp til betre tilgjenge og meir trafikksikre løysingar for mjuke trafikantar.
- Området gir gode oppvekstvilkår for born.
- Tilgjenge til sjø og småbåthamn samt tilrettelegging for mjuke trafikantar sikrar gode tilhøve for eit aktivt friluftsliv i planområdet og til nærområdet.
- Planen tilrettelegg tilkomst til sjø i eit allereie utbygd og privatisert område.
- Tilrettelegging for turisme og ny busetnad med publikumsretta tilbod i første etasje opnar for eit aktivt samspel og bruk av gateplanet.
- Planen vil opne opp for bruk og nærleik mellom Vågsneset og Vågsmarka, der landskapsområdet vil opplevast meir samanhengande og tilgjengelig.

Negative konsekvensar

- Vurdering av utfylling i Svevågen må sjåast saman med funn gjort av Rådgivende Biologer AS, der det er påvist naturtypene blautbotn og ålegras, samt raudlisteartane ask (sårbar) og østers (nær trua) som vil verte negativt påverka av planlagte tiltak.
- Det må tas tilstrekkeleg omsyn til kulturminne der desse er påvist.
- Konsekvensar for landskapet vil vere avhengig av plassering av ønska bustader.
- Konsekvensar for ei berekraftig utvikling ligg i valet av energikjelde i eksisterande og nye bustad- og næringsområder.

Arealet vert tilrådd ut i frå samfunnsmessige konsekvensar knytt til bustad- og næringsutvikling, turisme, infrastruktur og tilgjenge i Våge sentrum.